

Arbeids- og sosialdepartementet
Postboks 8019 Dep
0030 Oslo

Deres referanse:

Vår dato: 17.06.2021

Vår referanse: Eivind Digranes
(eivind@ungefunktionshemmede.no)

Høyring – NOU 2019: 7 Arbeid og inntektssikring og NOU 2021: 2 Kompetanse, aktivitet og inntektssikring

Unge funksjonshemmede er ein paraplyorganisasjon for organisasjonar av, med og for unge med funksjonsnedsettingar og kroniske sjukdomar. Organisasjonen representerer 38 organisasjonar med over 25 000 medlemmer.


Unge funksjonshemmede leverer med dette vårt høyringssvar til NOU 2019: 7 Arbeid og inntektssikring og NOU 2021: 2 Kompetanse, aktivitet og inntektssikring. Vi vil i høyringssvaret hovudsakleg knytte våre innspel til forslaga i NOU 2021: 2, sjølv om drøftinga til fleire forslag er knytt til begge rapportar. I tillegg innleier vi høyringssvaret med nokre overordna kommentarar.

Vi har merka oss ar regjeringa har lagt fram Meld. St. 32 (2020-2021) «*Ingen utenfor – En helhetlig politikk for å inkludere flere i arbeids- og samfunnsliv*», kor enkelte av Sysselsettingsutvalet sine forslag blir følgt opp. Sjølv om det er positivt at regjeringa følger opp utvalet sine forslag, stusser vi over at regjeringa har konkludert i fleire saker allereie før høyringsfristen for NOU 2019: 7 og NOU 2021: 2. Vi ber departementet sikre at høyringsinnspela blir nøyne vurdert før departementet held fram det vidare arbeidet.

Overordna kommentarar

Vi vil hovudsakleg knytte våre innspel til dei konkrete forslaga til Sysselsettingsutvalet i NOU 2019: 7 og 2021: 2. Likevel vil vi byrje med nokre overordna kommentarar til utvalet sitt arbeid, samt kva for perspektiv vi opplever manglar frå utredningane.

Utvalet sine forslag handlar i hovudsak om korleis ein kan få fleire personar med nedsett arbeidsevne og helseutfordringar i arbeid, og i mindre grad korleis ein kan auke sysselsettinga for funksjonshemma. For Unge funksjonshemmede er det viktig




1

å understreke at nedsett arbeidsevne ikkje er det same som nedsett funksjonsevne. Ungdom med funksjonsnedsettingar og kronisk sjukdom er ei svært mangfaldig gruppe. Sjølv om fleire funksjonshemma har nedsett arbeidsevne, kan ein finne like mange døme på funksjonshemma som har svært god helse. Vi opplever at store delar av utredningane bygger på ein føresetnad om at funksjonshemma automatisk er mindre produktive arbeidstakrar, som det inneberer ein risiko å tilsette på grunn av dårlig helse. Dette er eit premiss vi ikkje kjenner oss att i. Svært mange ungdommar med funksjonsnedsettingar er ressurssterke, kompetente og engasjerte menneske, men møter eit utdannings- og arbeidsliv som systematisk hindrar dei frå å delta i samfunnet på like vilkår. Vi opplever at utvalet legg stor vekt på økonomiske incentiv for arbeid, og relativt liten vekt på diskriminerande barrierar. Tiltak for å få fleire med nedsett arbeidsevne i arbeid kan vere positive for mange med funksjonsnedsettingar, men er ikkje tilstrekkelig åleine. Vi ber departementet i den vidare oppfølginga om å ha ei breiare tilnærming til tematikken, ved å prioritere å bygge ned dei mange barrierane som stenger funksjonshemma ute frå arbeidslivet.

For Unge funksjonshemmede handlar sysselsetting av funksjonshemma om likestilling og menneskerettar. FN-konvensjonen om rettane til personar med nedsett funksjonsevne (CRPD) artikkel 27 gir funksjonshemma rett til arbeid på lik linje med andre. Norske myndigheter er forplikta til å legge konvensjonen til grunn når det blir utvikla tiltak for å få fleire funksjonshemma i arbeid. I 2019 kom CRPD-komiteen med tydelige anbefalingar til Norge, inkludert på arbeidslivsfeltet. Ein av anbefalingane var å innføre eit krav til universell utforming av arbeidsplassar i Likestillings- og diskrimineringsloven (LDL). Vi ber departementet legge CRPD til grunn i det vidare arbeidet, og følge opp anbefalingane frå komiteen.

I Noreg har vi framleis ein svært lang veg å gå før ungdom med funksjonsnedsettingar og kronisk sjukdom er likestilt i arbeidslivet. 40,6 prosent av funksjonshemma var i arbeid i 2. kvartal 2020, mot 73,4 prosent i resten av befolkninga. Dette gapet har stått uendra i fleire tiår, uavhengig av konjunkturar i økonomien og lansering av ei rekke ulike politiske tiltak. Over 100 000 personar med funksjonsnedsettingar ønsker ein jobb, men står utanfor arbeidslivet. Slik vi ser det, er dette eit massivt tap, både for den enkelte og for samfunnet som heilheit. Unge funksjonshemmede meiner det er på høg tid med eit krafttak for å få fleire funksjonshemma i jobb, og sikre eit meir likestilt arbeidsliv.

Skal ein få til dette, må myndighetene utvikle tiltak for å hindre og motarbeide dei diskriminerande barrierane som utesenger funksjonshemma frå arbeidslivet. Hovudmålet må vere at så mange funksjonshemma som mogleg jobber i faste ordinære stillingar, med ordinære lønns- og arbeidsvilkår. Verkemiddelapparatet må



vere bygd på tillit og myndiggjering. Og ein må sette seg forpliktande mål, som følgast opp av konkrete tiltak og tilstrekkelige ressursar.


Sist men ikkje minst må myndighetene lytte til erfaringsbasert kunnskap. Funksjonshemma sine eigne organisasjonar veit kor skoen trykker, og sit på viktige perspektiv og erfaringar på vegne av ei gruppe som er ekskludert frå arbeidslivet. Unge funksjonshemmede var skuffa då regjeringa valde å sette ned eit utval som skulle levere forslag til auka sysselsetting, utan å gi representantar for dei som står utanfor arbeidslivet ei plass ved bordet. No er det viktig at brukarane får ei tydelig stemme i det vidare arbeidet. Vi oppfordrer departementet til å involvere brukarorganisasjonane tett i oppfølging av utvalet sine forslag, og i den generelle arbeidslivspolitikken.

NOU 2021: 2 - Kapittel 6 Kompetanse og kvalifisering

Unge funksjonshemmede er glad for at utvalet har eit så tydelig fokus på kompetanse og kvalifisering. Vi er særleg glad for at utvalet meiner det må på plass tiltak for å auke utdanningsnivået blant funksjonshemma. Ein viktig årsak til at mange unge med funksjonsnedsettingar står utanfor arbeidslivet, er at funksjonshemma som gruppe har betydelig lågare utdanningsnivå enn resten av befolkninga. Dette heng mellom anna saman med manglande tilrettelegging gjennom utdanningsløpet. Samtidig veit vi at utdanning er det viktigaste tiltaket for å fleire funksjonshemma og kronisk sjuke i jobb. Faktisk er effekten av utdanning på vidare sysselsetting dobbelt så stor for funksjonshemma, samanlikna med resten av befolkninga.

Unge funksjonshemmede støtter utvalet sitt forslag om å vurdere å auke bevillinga til tilskotsordninga for lærlingar med særskilte behov, og vurdere andre støtteordningar som kan sikre at elever med særskilte behov får lære plass og moglegheit til å fullføre fagopplæringa. Mange lærlingar med funksjonsnedsettingar slit i dag med å få lærplingplass, og tilskotet er eit viktig verkemiddel for å adressere dette. I statsbudsjettet for 2020 blei tilskuddsordninga innlemma i fylkeskommunane sitt rammetilskot, noko Unge funksjonshemmede var sterkt kritisk til. For å sikre likeverdig tilgang til lærplingplass og mindre geografisk ulikheit, meiner vi tilskotsordninga må tilbake som ei særskilt bevilling over statsbudsjettet.

Samtidig er det eit stort behov for auka kunnskap om denne lærlinggruppa. Vi ber difor om at det blir sett i gang ei heilheitleg kartlegging av situasjonen til lærlingar med funksjonsnedsettingar og korleis verkemiddelapparatet kan styrkast for å få fleire til å fullføre.



Unge funksjonshemmede støtter utvalet sitt forslag å trappe opp bruken av opplæringstiltak. Vi meiner at arbeidsmarknadstiltak må vere reelt kvalifiserande for arbeid, og at ein må prioritere støtte til utdanning framfor at alle skal «raskt i jobb». Som ein del av dette, bør særleg bruken av utdanning som arbeidsmarknadstiltak aukast. Dette er eit svært godt og effektivt tiltak, men som dessverre blir bruk i alt for liten grad. I tillegg til legge opp til auka bruk, ber vi departementet om å fjerne alders- og varigheitsbestemmelsene i regelverket for tiltaket. I dag er det ei nedre aldersgrense på 22 år i ordninga, noko som fører til at ein må vente i fleire år etter ein er ferdig på vidaregående før ein får ta i bruk tiltaket. Konsekvensen er at mange som ønsker å få støtte til utdanning, i staden må sette utdanninga på vent, eller blir plassert i tiltak dei opplever som meiningslause i mellomtida. I tillegg fører varigheitsavgrensinga på tre år til at det ikkje er mogleg å ta lengre utdanningsløp, og gir ikkje rom for avbrekk i studieperiodar eller å studere på deltid. Dette er etter vårt syn lite hensiktsmessige avgrensingar, som hindrar god bruk av ordninga.

Sjølv om vi har forståing for at prioriteringa ligg på vidaregåande opplæring, saknar Unge funksjonshemmede også forslag frå utvalet for å få fleire funksjonshemma til å fullføre høgare utdanning. I dagens arbeidsmarknad er høgare utdanning stadig viktigare for å faktisk kvalifisere til arbeid. Samtidig veit vi at mange studentar med funksjonsnedsettingar lar vere å studere eller fell ifrå studiene, på grunn av barrierar dei møter i utdanningsløpet. Det fins for lite kunnskap om barrierane som står i vegen for at studentar med funksjonsnedsetting har likeverdig tilgang til utdanning. Unge funksjonshemmede meiner difor ein god plass å starte er å gjennomføre ei nasjonal kartlegging av universell utforming og tilrettelegging i universitets- og høgskulesektoren.

For mange unge med funksjonsnedsettingar er også overgangen frå vidaregåande opplæring til arbeid / høgare utdanning, og frå høgare utdanning til arbeid, særleg sårbar. Mange fell utanfor nettopp i desse overgangane, mellom anna fordi dei ikkje har fått den oppfølginga dei treng og fordi dei mister viktig tilrettelegging. Slik vi ser det, er det behov for eit tettare samarbeid og informasjonsdeling mellom vidaregåande skular, høgare utdanningsinstitusjonar og NAV, slik at ein kan førebu overgangane og nødvendig tilrettelegging er på plass frå dag ein. Utvalet nemner også auka satsing på rådgivingstenesta som eit tiltak for å få elevar med funksjonsnedsettingar til å fullføre utdanning. Dette er noko vi støtter. Rådgivingstenesta i vidaregåande skule ei viktig rolle i å førebu elevar på overgangen til vaksenlivet. Vi meiner tenesta bør styrkast, og få auka si kompetanse på rettleiing av ungdom med funksjonsnedsettingar og kronisk sjukdom.



NOU 2021: 2 – Kapittel 7 Lettere innpass i arbeidslivet


Utvalet foreslår å utvide bruken av midlertidig lønnstilskot betydelig. Unge funksjonshemmede meiner dette er positivt. Samtidig er vi ueinig med utvalet sine vurderingar når det kjem til å ikkje utvide bruken av varig lønnstilskot. Vår erfaring er at varig lønnstilskot er eit effektivt verkemiddel for mange funksjonshemma og kronisk sjuke, og kan bidra til at ein kan stå i jobb utan å bli uføretrygda. For ein stor del av dei som har varige helseutfordringar, vil eit midlertidig lønnstilskot treffe mindre godt enn eit tilskot som er varig. Vi meiner difor bruken av varig lønnstilskot bør auke. Vi viser særleg til mindretalsmerknaden frå Ivar Horneland Kristensen, som Unge funksjonshemmede stiller seg bak:

«Varig lønnstilskudd vil i noen tilfeller være å foretrekke over gradert uføre for et fåtall arbeidstakere som har særlige kroniske lidelser med varierende produktivitet, men som tidvis kan jobbe mellom 50 og 100 prosent.»

Utvalet foreslår også å vurdere endringar i bestemmelsane om prøvetid, mellom anna ved å sjå nærmare på arbeidsgivarar sitt handlingsrom i prøvetida og utrede forlenga prøvetid der det «*foreligger store inkluderingsutfordringer, store helseproblemer eller manglende kompetanse*». Unge funksjonshemmede støtter ikkje desse forslagene. Eit underliggende premiss i utvalet sine forslag er at dagens stillingsvern skal svekkast i prøvetida for enkelte grupper. Dette er noko vi er svært skeptisk til. Vi frykter konsekvensen ikkje vil vere at fleire arbeidsgivarar vel å tilsette unge med funksjonsnedsettingar, men i staden brukar tilretteleggingsbehov som ein unnskyldning til oppseiing. I tillegg vil ein forlenga periode og eit svekka stillingsvern innebere auka usikkerheit for den enkelte arbeidstakar. Samla sett vil dette kunne bidra til ytterligare sementering av eit A- og B-lag i arbeidslivet.

Vi er glad for å sjå at utvalet ikkje støtter å utvide bruken av midlertidige stillingar for å få fleire i jobb. Unge funksjonshemmede er tydelig på at faste stillingar må vere hovudregelen i det norske arbeidslivet, også for arbeidstakarar med funksjonsnedsettingar. Vi meiner den generelle adgangen til midlertidige tilsettingar i arbeidsmiljøloven § 14-9, som blei innført i 2014, bør fjernast. Auka bruk av midlertidighet får ikkje fleire funksjonshemma inn i arbeidslivet, men skaper usikkerheit og uforutsigbarheit for den enkelte.

Unge funksjonshemmede er svært glad for å sjå at utvalet har fleire forslag for å sikre betre tilrettelegging og auka satsing på hjelpemidler i arbeidslivet. Utvalet foreslår mellom anna betre oppfølging av arbeidsgivar når det kjem til arbeidstakarar med tilretteleggingsbehov. I tillegg foreslår utvalet å evaluere korleis prosessane for tilrettelegging i arbeidslivet fungerer, og å innhente meir kunnskap om korleis




hjelphemiddel og tilrettelegging påverkar yrkesdeltakinga blant funksjonshemma. Unge funksjonshemmede støtter alle utvalet sine forslag på dette innsatsområdet.

Utvalet foreslår også at brukarar skal få hjelphemidler og tilrettelegging så raskt som mogleg, slik at det ikkje blir ein lang venteperiode ved tilsetting. Unge funksjonshemmede støtter dette forslaget, men meiner det med fordel kunne vore endå meir konkret. Vi meiner at arbeidssøkarar med funksjonsnedsettingar i tillegg bør få ein form for «tilretteleggingspass» før ei eventuell tilretteleggings- og oppfølgingsavtale blir inngått med ein arbeidsgivar. Mange har kjende tilretteleggingsbehov, uavhengig av kva for arbeidsgivar og type stilling ein søker på. Om arbeidssøkarar kan vise til eit slikt tilretteleggingspass med garanti frå NAV om tilrettelegging, vil det styrke kandidaten i ei jobbsøkingsprosess.

Avslutningsvis vil vi trekke fram to områder vi meiner manglar frå utvalet si analyse og forslag til tiltak under kapittel 7. For det første er det skuffande at utvalet knapt omtaler universell utforming i arbeidslivet. Dette på trass av at svært mange funksjonshemma blir utesettet frå arbeidslivet nettopp på grunn av manglande universell utforming. Ei undersøking frå Norges Blindeforbund konkluderer med at heile ein av tre svaksynte arbeidstakarar må slutte på grunn av manglande universelt utforma IKT-system. CRPD-komiteen har kritisert norske myndigheter for at det ikkje stillast lovkrav om universell utforming i arbeidslivet, berre ei plikt til individuell tilrettelegging. Vi meiner dette må følgast opp, ved å innføre eit krav om universell utforming av arbeidsplassar i Likestillings- og diskrimineringsloven (LDL). Vi har registrert at regjeringa har varsle ei utredning om det skal påleggast krav til universell utforming av IKT på arbeidsplassen. Dette er ei veldig positiv utvikling. Samtidig er vi tydelig på at lovkravet må dekke alle forhold, inkludert fysiske forhold og kommunikasjon og informasjon. Vi ber om at dette blir følgt opp av departementet.

For det andre saknar vi tiltak frå utvalet som adresserer diskrimineringa unge med funksjonsnedsettingar og kronisk sjukdom møter i arbeidslivet. Nyleg kom funna frå ei omfattande studie frå OsloMet, som dokumenterer strukturell diskriminering av funksjonshemma på arbeidsmarknaden.¹ Studien finn at rullestolbrukarar har heile 50% lågare sjanse for å bli innkalla til jobbintervju enn andre søkerar, sjølv om dei er kvalifisert til stillinga. Dette er svært alvorlege funn, som bekreftar det vi dessverre har kjend til lenge. Vi veit at diskrimineringa ikkje er noko mindre for andre grupper funksjonshemma. Vi ber departementet følge opp desse funna, og utrede moglege

¹ Bjørnshagen, Vegar og Elisabeth Ugreninov (2021). *Disability Disadvantage: Experimental Evidence of Hiring Discrimination against Wheelchair Users*, i European Sociological Review, 1-16




tiltak som kan settast i verk. Dette kan mellom anna innebere å vurdere om dagens lovverk og handhevingsapparat er godt nok, sette i gang omfattande kompetanseheving av arbeidsgivarar, og vurdere om NAV sin innsats mot diskriminering kan styrkast. Vi ber departementet gå i dialog med brukarorganisasjonane i dette arbeidet.

NOU 2021: 2 – Kapittel 9 Sykefravær, oppfølging og sykepenger

Utvalet sitt fleirtal foreslår å utrede nærmare ein ny modell for arbeidsgivar sitt medfinansieringsansvar knytt til langtidssjukefråværet, og at arbeidsgivarperioden skal reduserast til 12 dagar og med 10 prosent arbeidsgivarfinansiering etter tre månadar. Unge funksjonshemmede er ueinig med fleirtalet sitt forslag, og ber departementet avvise forslaget. Vi viser til Hans-Christian Gabrielsen sin mindretalsmerknad, som påpeiker at å auke arbeidsgivar sin finansiering av langtidsfråværet vil med høg sannsynlegheit gjere det vanskeligare å inkludere utsette grupper i arbeidslivet. Unge funksjonshemmede meiner Gabrielsen har ei realistisk og god grunngjeving for å ikkje støtte denne endringa. Vår erfaring er at verkemiddel som gir arbeidsgivarar auka kostnader for sjukefråværet, fører til redusert vilje til å tilsette funksjonshemma og kronisk sjuke. Dette heng også saman med at mange arbeidsgivarar har eit feilaktig inntrykk av at arbeidstakarar med funksjonsnedsettingar automatisk har eit høgare sjukefråvær, sjølv i tilfelle der dette ikkje stemmer. Slik vi ser det, bidrar forslaget til å bygge opp om slike fordommar.

Utvalet foreslår i NOU 2021: 2 at for å unngå at sjuke arbeidstakarar kjem over på ei ny trygdeordning i løpet av eit behandlingsforløp, kan sjukepengeperioden forlengast med kompensasjonsgrad som arbeidsavklaringspengar der det er gode utsikter til å kome tilbake til same arbeidsgivar. Unge funksjonshemmede er imot ein sjukepengeordning som gir lågare kompensasjon enn dagens ordning. Vi meiner at forslaget frå NOU 2019: 7 difor gir ei betre løysing for sjukemeldte som etter eit behandlingsløp har moglegheit til ei gradert sjukemelding. Der er det foreslått at den maksimale varigheten av sjukepengeperioden gjørast avhengig av gradering, slik at graderte sjukefråvær kan vere lengre. Det vil innebere at varigheten med 100 prosent kompensasjon forlengast når sjukepengane er gradert. Konkret blir det foreslått at maksimal sjukepengeperiode settast til tolv fulltids fråværsmånader, med ei øvre grense på samla fråværslengde på 18 månader. Unge funksjonshemmede ber departementet fremme dette forslaget frå NOU 2019: 7.

Unge funksjonshemmede støtter forslaget frå utvalet om at inngangskravet til AAP senkast frå 50 til 40 prosent redusert arbeidsevne for dei som kjem frå sjukepengar.



NOU 2021: 2 – Kapittel 10 En arbeidsorientert uføretrygd


Unge funksjonshemmede er glad for at utvalet kjem med grep for å få fleire som mottar uføretrygd i arbeid. Vi deler utvalet sin problembeskrivelse om at arbeidsmarknaden og verkemiddelapparatet i liten grad er tilpassa uføre som kan og vil jobbe. Vi er einig i at det er behov for tiltak som ser på etterspørrelsida i arbeidsmarknaden, ved å gjere det meir sannsynleg for arbeidsgivarar å tilsette uføre. Vår rapport «*Ufør og arbeidsdyktig – er det en mulighet?*» frå 2016, finn at unge uføre slit med å bli innkalla på intervju, opplever at det er mangel på tilpassa stillingar, og får ikkje den arbeidsretta oppfølginga dei trenger frå NAV.² Vi meiner dette er ei sløsing med menneskelige ressursar, og eit stort tap både for den enkelte og for samfunnet som heilskap. Vi er difor glad for at utvalet anerkjenner desse utfordringane.

Utvalet sitt fleirtal foreslår eit avgrensa forsøk med arbeidsorientert uføretrygd for dei under 30 år, for å bidra til at personar med gradert uføretrygd blir meir attraktive på arbeidsmarknaden. Unge funksjonshemmede meiner forslaget har fleire spennande elementer ved seg, men ser også fleire moglege fallgruver vi meiner det er viktig å unngå. Vi har konkludert med at vi kan støtte eit avgrensa forsøk med arbeidsorientert uføretrygd dersom dei følgande føresetnadene er oppfylt:

For det første meiner vi det er heilt nødvendig at brukarorganisasjonane også blir tett involvert i utforming, gjennomføring og evaluering av tiltaket, og er representert i den foreslatte referansegruppa for prosjektet. Funksjonshemma sine organisasjonar representerer dei gruppene som vil vere aktuell for arbeidsorientert uføretrygd, og sit på svært viktig erfaringsbasert kunnskap som bør tas med inn i tiltaket frå start til slutt. Myndigkeitene, partane i arbeidslivet og brukarorganisasjonane sit på kvar si side av løysinga om forsøket skal bli vellykka.

For det andre meiner vi at NAV må få auka ressursar og eit tydelig mandat til å drive arbeidsretta oppfølging av unge på uføretrygd. Her kunne utvalet med fordel vore tydeligare. Unge uføre opplever ofte i dag at dei er «sjekka ut av systemet» så snart dei har fått vedtak om uføretrygd, og at dei får lite arbeidsretta oppfølging frå NAV sjølv om dei kan og vil jobbe. Utvalet viser også til at erfaringane med fleksjobb i Danmark er at arbeidsmarknadsmyndighetene har spilt ei nøkkelrolle når det kjem til

² Unge funksjonshemmede (2016). *Ufør og Arbeidsdyktig – er det en mulighet?*, https://ungefunksjonshemmede.no/ungefunksjonsjemmede-no/wp-content/uploads/2017/10/Ufor_og_arbeidsdyktig_enkeltsider.pdf



å skape etterspørsel etter desse arbeidstakarane, og i oppfølging av brukarar og arbeidsgivarar. For at forsøket skal få ein effekt, er det viktig at utvalet sine forslag om å styrke NAV si oppfølging av unge og av arbeidsgivarar, særleg rettast inn mot unge på uføretrygd. Eit eksempel på vellykka oppfølging, er «Sykt bra jobb»-prosjektet i NAV Vestland, som gir individuell jobbstøtte til unge på uføretrygd som ønsker å bruke opp restarbeidsevnen sin.


For det tredje er det viktig at dei som har så store helseutfordringar at dei ikkje kan vere i arbeid, sjølv med trygdejustert lønn, framleis får vedtak om 100% uføretrygd på same måte som i dag. Det er positivt at dette også er presistert av utvalet. Arbeidsorientert uføretrygd kan vere eit godt tiltak for dei som har restarbeidsevne, men det er samtidig viktig at terskelen for å få 100% uføretrygd ikkje hevast for dei som har for dårlig helse til å jobbe.

For det fjerde meiner vi at det som ein del av forsøket bør bli gjennomført eit parallelt forsøk med bruk av varig lønnstilskot for same målgruppe. Vi meiner det i forsøket bør bli gjort ei samanlikning mellom ordningane arbeidsorientert uføretrygd og varig lønnstilskot, som på mange måtar er likeverdige tiltak for å stå i jobb med varig nedsett arbeidsevne. Vår erfaring er at bruk av varig lønnstilskot kan vere eit effektivt tiltak for å få fleire funksjonshemma og kronisk sjuke i jobb, men det er behov for meir systematisk kunnskap i større skala.

For det siste er det heilt grunnleggande at det faktisk blir oppretta tilrettelagte deltidsstillingar som uføre kan søke på. Dagens arbeidsmarknad er i liten grad tilpassa til personar på uføretrygd, og det fins få aktuelle stillingar å søke på. Her speler NAV ei viktig rolle i å skape etterspørsel i arbeidslivet etter unge på arbeidsorientert uføretrygd. I tillegg meiner vi det offentlege har eit særskilt ansvar, og bør gå foran ved å opprette fleire tilrettelagte og fleksible stillingar i stat og kommune.

Vi er også veldig glad for at utvalet understreker at det primære målet med ordninga må vere at flest mogleg kjem inn i vanlege jobbar, med ordinære arbeidsoppgåver og ordinære lønns- og arbeidsvilkår. Det kan ikkje vere sånn at høgt utdanna unge på arbeidsorientert uføretrygd blir satt til å sortere skruer og steike vaflar.

I tillegg meiner vi det vil vere viktig at ein som del av forsøket ser nærmare på erfaringane med fleksjobb i Danmark, som er inspirasjonskjelda til forslaget om arbeidsorientert uføretrygd. Utvalet nevner at fleksjobbordninga gjennomgikk ein større reform i 2013. Unge funksjonshemmede har vore i dialog med våre søsterorganisasjonar i Danmark, som opplever at sidan innføringa av reformen har fleksjobbordninga gått i negativ retning for brukarane. Organisasjonane melder om fleire tilfelle av uverdige lønns- og arbeidsvilkår, kor arbeidstakar er den tapande



part. Vi meiner at som del av forsøket om arbeidsorientert uføretrygd, bør ein også sjå nærmare på kva som har fungert mindre godt med fleksjobbordninga. Dette er lærdommar det vil vere viktig å ta med inn i forsøket.

Vi har også merka oss mindretalsmerknaden frå Hans-Christian Gabrielsen, som går imot forslaget om arbeidsorientert uføretrygd. Sjølv om vi støtter fleirtalet sitt forslag under føresetnadene vi nemnte over, meiner vi mindretalet har legitime bekymringar som må bli tatt på alvor i utarbeidninga av forsøket. Det er viktig å sikre at arbeidstakar ikkje blir den svake part når trygdejustert lønn skal utrekna, og at arbeidsgivarar ikkje utnytter ordninga ved å presse uføre til å jobbe mykje til låg lønn.


Unge funksjonshemmede er også einig med Gabrielsen i at det bør leggast ned ein mykje større innsats inn mot dei som er på ordningar før uføretrygd blir aktuelt. Her meiner vi utvalet har ei for svak analyse og kjem med få gode tiltak. For mange unge funksjonshemmede vil det vere betre å få lang og tett oppfølging og kvalifisering i AAP-ordninga, framfor å raskt motta ei arbeidsorientert uføretrygd. Vi meiner innhaldet i AAP-ordninga bør styrkast, framfor å gjere ytterligare kutt i ordninga for unge. Vi viser elles til våre kommentarar under kapittel 11.

Utvalet foreslår også ei omlegging av fribeløpet i uføretrygda ved at fribeløpet på 0,4 G blir erstatta med halvert avkorting over eit lengre intervall. Sjølv om Unge funksjonshemmede er opptatt av insentiver i uføreordninga som gjer det meir lønnsomt å kombinere arbeid og trygd, støtter vi ikkje forslaget slik det foreligger. Mange opplevde det utfordrande då fribeløpet på 1 G blei redusert til 0,4 G, og det vil vere uheldig å stramme ytterligare inn på fribeløpet for dei som kun er litt i arbeid eller har ei anna inntekt frå honorar og verv o.l. Unge funksjonshemmede meiner at fribeløpet burde settast til 1 G, og kan ikkje støtte ei endring som medfører at dei som i dag har lagt seg nær ei inntekt på 0,4 G vil tape på ordninga.

Unge funksjonshemmede støtter forslaget om at det fastsette beløpet for minste inntekt før uførhet (IFU) for mottakarar av uføretrygd med minsteytelse blir heva frå 3,5 G til 3,75 G for enslige og frå 3,3 til 3,45 G for gifte og sambuande. Dette har ei sosial profil knytt til at låg uføreinntekt har høg avkorting, noko som gjer at det blir opplevd som mindre motiverande for uføre med låge inntekter å jobbe noko i kombinasjon med trygda.

NOU 2021: 2 – Kapittel 11 Oppfølging, tiltak og ytelser for unge under 30 år

Vi er glad for å sjå at utvalet foreslår fleire gode tiltak for å gi betre og tettare oppfølging av unge under 30 år. Unge funksjonshemmede støtter utvalet sine forslag




10

om at unge utan arbeid må få hjelp tilpassa individuelle behov og tverrfagleg arbeidsretta oppfølging så tidleg som mogleg. Vi er også glad for at utvalet foreslår å gi auka ressursar til NAV til arbeidsretta oppfølging av unge, tilpassa den enkelte sine behov. Ungdom har behov for tettare oppfølging frå NAV-tilsette med kompetanse på kva det vil si å vere ungdom. Her er det framleis ein lang veg å gå i dag. Unge funksjonshemmede meiner det trengs eit meir ungdomsvenleg NAV, som gir tett oppfølging, har kort reaksjonstid, spesialkompetanse på ungdom, tilbyr trygge treffpunkt, tar i bruk kvalifiserande tiltak, og tar utgangspunkt i ungdom sine eigne behov. Vi meiner særleg at unge på uføretrygd bør prioriterast i den arbeidsretta oppfølginga, som del av forsøket om arbeidsorientert uføretrygd (sjå kommentar til kapittel 10 over).

Sjølv om det er positivt at dei lokale NAV-kontorene får ressursar til tettare oppfølging av unge, ber vi også departementet styrke Arbeids- og velferdsdirektoratet sin innsats på dette området. Vi opplever at det i dag er sett av svært avgrensa ressursar i direktoratet til å drive systematisk innsikts- og utviklingsarbeid for å styrke oppfølginga av unge i NAV. Direktoratet har nyleg, i samarbeid med ungdomsorganisasjonane i Sentralt brukarutval i NAV, sett i gang NAV UNG – ein innsats for eit meir ungdomsvenleg NAV. Som del av arbeidet, er det gjennomført eit større innsiktsarbeid om korleis unge opplev møtet med NAV. Dette er eit svært viktig arbeid, som vil gi eit kunnskapsgrunnlag for korleis NAV si oppfølging av unge kan styrkast frå unge sitt eige perspektiv. Vi oppfordrar departementet til å gjere NAV UNG til ein permanent innsats, og gi Arbeids- og velferdsdirektoratet eit tydelig mandat og ressurser til å styrke innsikts- og utviklingsarbeidet om oppfølging av unge i NAV.

Utover dette er vi svært skuffa over at utvalet prioriterer å bruke store deler av kapitlet på å foreslå ytterligare kutt i arbeidsavklaringspengeordninga for unge. Unge funksjonshemmede meiner det er beklagelig at utvalet foreslo i NOU 2019: 7 å redusere AAP-ytelsen til unge under 25 år og fjerne ung uføre-tillegg i ordninga, og at dette blei følt opp av regjeringa. Dette, kombinert med dei tidlegare innstrammingane i ordninga, har betydelig svekka AAP som verkemiddel for oppfølging av unge med behov for arbeidsretta oppfølging. Resultatet har ikkje vore fleire unge i jobb, men i staden større overgang til sosialhjelp og uføretrygd.

Vi støtter heller ikkje forslagene i 2021: 2 om å avgrense unge sin moglegheit til å kvalifisere for AAP-ordninga. Vi ber departementet særleg avvise forslaget om at personar under 30 år som ikkje kjem frå maksimal sjukepengeperiode, og som ikkje har opparbeida eit beregningsgrunnlag for arbeidsavklaringspengar på minst 1,5G, skal gå inn i ein innsatsperiode på eitt år før AAP kan bli innvilga. Unge




funksjonshemmede ber departementet særleg merke seg mindretalsmerknaden frå Hans-Christian Gabrielsen, som vi stiller oss bak:

«En hovedgrunn til vår dissens er at vi ikke kan se hvilke ytelsar, ordninger og tiltak som kan være aktuelle for denne gruppen i ventetiden før eventuelle arbeidsavklaringspenger. LO frykter at løsningen for mange vil kunne bli økonomisk sosialhjelp som vi ser som en svært dårlig løsning for disse unge menneskene, som også vil kunne forverre deres sosiale og helsemessige situasjon.»

For oss er det svært uklart kva for tilbod unge med funksjonsnedsettingar under 30 år skal få i den foreslårte innsatsperioden, og kva for ytelsar dei skal motta. Sjølv om fleirtalet understreker at sosialhjelp ikkje skal fungere som hovudinntektskjelde i innsatsperioden, frykter vi at det vil bli realiteten for mange. Vi er bekymra for at dette berre vil ende opp som ein venteperiode utan tilstrekkelig oppfølging og inntektssikring, og med stor psykisk belastning for ungdom i sårbare livssituasjonar.

Utvalet begrunner forslaga sine med at dei er bekymra for at AAP og helserelaterte ytelsar bidrar til ei medikalisering av unge, og at arbeidsledigkeit blir gjort til eit helseproblem. Vi kjenner oss ikkje att i denne problembeskrivelsen. Utvalet skriv sjølv at det er usikkerheit knytt til kvifor uførstatistikken går opp for unge i Noreg. Likevel konkluderer dei raskt med at medikalisering er årsaken til auknaden. Vi meiner utvalet er altfor einspora i sin analyse, og kjem med påstandar om unge på AAP som dei ikkje har grunnlag for å kome med. Slik vi ser det, bidrar utvalet til å mistenkeleggjere ungdom, og etterlet eit inntrykk av at hovudandelen av unge på AAP eigentleg ikkje er sjuke. Dette kjenner vi oss ikkje att i. For å ha rett på AAP krevast det at ein må ha dokumentert redusert arbeidsevne med minst 50 prosent, og at sjukdom er ein vesentleg årsak til den nedsette arbeidsevnen. Det er klart det vil fins nokre grensetilfelle, og det er forståelig at ein vil få fleire av desse ut i arbeid. Vi meiner likevel løysinga ikkje er å kutte i ytelsar for ungdom som faktisk har varige helseutfordringar. Innstramming i ytelsar motiverer ikkje fleire i arbeid, men fører berre til fattigdom.

I staden saknar vi ei djuptgåande utredning frå utvalet om korleis ein kan forbetre AAP-ordninga, for eksempel ved å investere meir i ordninga med omsyn til kapasitet i NAV og reversere innstrammingane i ordninga som har kome dei seinare årene. Det meste av utvalet si drøfting handlar om korleis ein kan få unge personar ut av AAP, og over på Kvalifikasjonsprogrammet. Utvalet har få tankar om korleis tilbodet til dei som faktisk skal gå på AAP, kan forbetrast. I staden for å avgrense moglegheita til å motta AAP, burde ein i staden prioritere å styrke innhaldet i AAP-ordninga slik at unge med helseutfordringar får den tverrfaglege oppfølginga og støtta dei har behov for. Slik vi ser det, er KVP i liten grad tilpassa ungdom med funksjonsnedsettingar og



kronisk sjukdom, og er ingen erstatning for AAP-ordninga for unge som har varige helseutfordringar. Vi er også bekymra for at det store trykket på å få fleire unge over på KVP-ordninga, vil føre til at unge som er aktuell for uføretrygd vil gå lengre i eit unødvendig løp som ikkje er tilpassa dei sjølve. Vi får ikkje dette til å henge saman med forslaget om arbeidsorientert uføretrygd.


Med venleg helsing

Ingvild Østli

Ingvild Østli
Fungerande generalsekretær
Unge funksjonshemmede



Line Skåtøy
Styreleiar
Unge funksjonshemmede



13